Referat FAU-møte 29.10.26

Til stades: Jon Harald Ødegård Egeland, Silje Taksdal, Arnfrid Bjelland, Edel Yvonne Hovland Rygg Rimestad, Louise E. Cowling, Bodil Hobberstad Knutsen og Gerd-Torill Hegre Berg.

SAK 14 26-27, Godkjenning av innkalling

Godkjent

SAK 15 26-27, Gjennomgang av FAU sitt årshjul

Årshjul for oktober ser bra ut.

SAK 16 25-26, Basketballkurv i gymsal

Saka må venta til neste møte når Gerd er til stades.

SAK 17 26-27, Besteforeldre som ekstravakter

FAU er positive til ordninga, og diskuterer vidare med Gerd neste møte.

SAK 18 26-27, Eldrefest

Auke grautmengde frå i fjor med 10%.

Jon Harald sjekker om Borghild kan hjelpa til.

Jan Jonassen hjelper med lys og lyd måndag 14. desember.

Me kan rigga til eldrefest måndagskveld. Silje Wathne og Gerd-Torill tek med seg ein vaksen kvar og rigger. Alt må ryddast igjen etter eldrefesten tysdag grunna arrangement onsdag.

Arnfrid, Silje, Louise, og Edel er med under festen tysdag. FAU tek direkte kontakt med føresette for å få med ekstra personer til festen. Me treng 3 ekstra dersom LUS ikkje kan stilla. Dersom LUS stiller med folk, treng me ikkje fleire.

Gerd-Torill lager invitasjon og sender til Gerd. Gerd sender ut invitasjonen snarast mogleg slik at alle held av datoane. Gerd-Torill heng opp lapp på Handelslaget i slutten av november.

SAK 19 26-27, Julefest

Dugnad: Litlaundheimsvegen, Sikvalandsvegen til Knudaheia og FAU.

Dugnaden inneber rigging og rydding av stolar, utdeling av godteposar og servering av kaffe. Oppmøte kl. 17.00. Ein person frå kvar heim.

Me lagar 95 godteposer. Ein juice i kvar pose. Kindersjokolade, mandarin og peparkaker. Godteposane blir laga klar under eldrefesten dersom det blir tid til det.

Louise ordner 15 bokser med peparkaker og 95 smurfesker.

Gerd-Torill ordnar invitasjon og sender til Gerd som vidareformidlar ut til føresette.

Nytt frå i år av: berre godtepose og juice til elevane. Vaksne kan ta med kopp og få kaffe som tidlegare.

Silje ordner gavekort til reflekskonkurransen.

3 stk frå FAU hjelper til å dela ut blomar til lærarane.

SAK 20, Korleis kan føresette styrka barna si leseutvikling

FAU lager eit utkast til skriv.

SAK 21 26-27, Neste møte

- Godkjenning av innkalling
- Gjennomgang av FAU sitt årshjul
- Basketballkurv i gymsal
- Besteforeldre som ekstravakter
- Eldrefest
- Julefest
- Korleis kan føresette styrka barna si leseutvikling
- Evaluering av TV-aksjon
- Søke om støtte til kroppsøvingsutstyr
- Reflekskonkurranse

Referent

Gerd-Torill Hegre Berg